


# BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN  
MAI 2022**

# ORDFØRAREN SITT HJØRNE



## KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00  
Månd.-fredag kl 08.00-15.00  
[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

## BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20  
[biblioteket@bjerkreim.kommune.no](mailto:biblioteket@bjerkreim.kommune.no)  
Måndag 15.00 – 19.00  
Tysdag 14.00 – 18.00  
Onsdag 14.00 – 18.00  
Torsdag 12.00 – 15.30  
Fredag 12.00 – 15.30

## DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11 -18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

## NESTE NUMMER:

Kjem ut seinast torsdag 2. juni. Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før søndag 22. mai kl. 24.00. Skriv kort!. Om du vil sende bilette, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no). Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

## UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

## KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

## ANSVARLEG:

Kulturkontoret

## TRYKK OG

## GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint



*Hei, gode  
sambygdingar!*

## Påska er over - «Kom mai du skjønne milde»

Våren er på plass, sola varmar grønkledde beiter og sauene er på veg ut av sauehusa. Fine bilete av Bjerkreimsnaturen. Bjørka er på nåverande tidspunkt ikkje «sprungen ut» men nå er det vel bare dagar før vi ser også dei ikler seg 17. mai fargane.

Der sa eg det; 17 mai! I år skal vi få feire på normal måte, endeleg! Vi skal få barnetog, is og leikar med masse kontakt! Det blir kjekt å ta tilbake nasjonaldagen. Til komiteen vil eg bare ønske lykke til med dei siste førebuingane før dagen.

17. mai får ein spesiell betydning i denne stund. Vi feirar vår grunnlov, vår suverenitet og vår fridom. Vi ser på forferdelege scener av krigen som ennå rasar i Ukraina. Mine tankar går til alle som står i kampen, kampen om heim og familie. Kampen om fred og vennskap. Ja, sjølvé kampen om Fridomen!

Vi har fått fleire nye ansikt i kommunen, eg vil nytta anledninga til å ønske dei alle varmt velkommen til Bjerkreim. Bjerkreim er ein trygg og stabil arbeidsgjevar, og vi sett pris på våre tilsette. Det er difor ekstra kjekt å sjå nye ansikt i bygga! Velkommen alle saman.

Det er så mykje spennande vi held på med i kommunen. Det blir jobba på ulike frontar for å få fleire arbeidsplassar, bustadsal og næringstromter. Turismesatsinga får nye moment og sentrumsplanen går framover. Det er veldig gledeleg at prosjekt «nytt omsorgssenter» går framover dag for dag.

Ny E39 er nå ferdig regulert frå Ålgård til Bue og ein vil i beste fall sjå anleggssarbeid på denne strekninga i slutten av 2022. Neste etappe er under planlegging og vil gå frå Bue til Arrestad. Dette er eit formidabelt arbeid som vil gi konsekvensar- men konsekvensar både i positiv og negativ forstand. For meg er ein rask, effektiv og trygg veg - som opnar bustad- og arbeidsplassmønstre, sparar liv og styrker handelstanden i sentrum også viktig. Så vil vi måtte jobbe beinhardt med å bøte på det negative fotavtrykket av veganlegget. Ennå har vi ein stor jobb framfor oss og alle må bidra for å finne dei beste løysingane, uansett kvar vegen landar til slutt. Den vil ta plass!

Har hatt nokre fine stunder saman med barnehagebarn, Barneskulebarn og ungdomskulelevar i det siste. Eg sett verkeleg pris på å få vera med på ting som skjer i oppvekstsektoren. Det er så utruleg kjekt å sjå alle dei flinke barn og ungdom vi har i kommunen. Trafikk på ein gjeng på EK2022 som hadde hatt eit prosjekt gjennom Ungt Entreprenørskap om plastsamling i havet. Dette kjem frå elevar som er frå ein av dei «sjølause» kommunane i Rogaland; Bjerkreim! Eg blir glad av ansvarsbeviste ungdommar som vil gjer ein forskjell.

Med ønske om ein fin mai! Gler meg allereie til juni 😊

*Vennleg helsing, Kjetil*

**VIKESÅ TAXI**  
**51 45 19 00**



**FORSIDEN:** Tone Øye på Kyrkjefjellet. Foto: Torill Nedrebo

## POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET - MAI

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider; [www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

Gruppemøte  
Måndag 02. kl 19.00

Formannskapet  
Tysdag 03.kl 19.00

Kommunestyret  
Tysdag 10. kl 19.00



## ÅPNINGSFEST FOR DAGSTURHYTTA

Bjerkreim kommune inviterer til offisiell åpning av dagsturhytta Kaurebu! Det blir taler, snorklipping, underholdning og servering. Skolene og barnehagene skal synges og kulturskolen skal spille musikk. Dalane Friluftsråd serverer kakao og frukt, men ta med egen niste. OBS: Det er begrenset med parkeringsplasser, så vi oppfordrer alle til å gå, sykle eller samkjøre. Alle er velkomne!

- Dag: torsdag 12. mai 2022
- Tid: kl. 10:00-11:30
- Parkering: Holmen 45 eller Vikeså sentrum
- Kontakt: Line Pettersen, [line.pettersen@bjerkreim.kommune.no](mailto:line.pettersen@bjerkreim.kommune.no), tlf.nr.: 958 63 277

Arrangør: Bjerkreim kommune

## TILKALLINGSVIKAR

Røysekatten barnehage ser etter nye tilkallingsvikarer.

Kunne dette vært noe for deg, ta kontakt med Inger Johanne på tlf 51459660 eller 40602891.



## FYSISK OPPLÆRING I FRISKUS

Bjerkreim kommune inviterer alle lag, foreninger og andre som arrangerer aktiviteter til å delta på fysisk opplæring i Friskus.com. Friskus er en gratis nettside og aktivitetskalender med hensikt å samle og fremme alle frivillige lag/foreninger, alle aktiviteter/arrangementer og alle frivillige oppdrag på ett sted. Opplæringen er gratis og det blir servert mat og drikke. Meld deg på i [www.bjerkreim.friskus.com](http://www.bjerkreim.friskus.com) eller ta kontakt med frivillighet- og folkehelsekoordinator Line Pettersen på e-post: [line.pettersen@bjerkreim.kommune.no](mailto:line.pettersen@bjerkreim.kommune.no) eller tlf.: 958 63 277

- Dag: tirsdag 3. mai 2022
- Tid: 17:00-18:30
- Sted: Kommunestyresalen, 2. etg på kommunehuset
- Utstyr: ta med egen PC eller nettrett
- Påmelding: [www.bjerkreim.friskus.com](http://www.bjerkreim.friskus.com), eller på e-post/tlf.
- Pris: gratis

Arrangør: Bjerkreim kommune



## OPPFRIKNINGSKVELD FOR COS-P (CIRCLE OF SECURITY)

Tirsdag 10.05.22 kl 19.30 på helsestasjonen.

Vi inviterer til en oppfriskningskveld for alle som har gjennomført COS-P kurs.

Vi vil ha et lite sammendrag av COS-P og se noen filmsnutter. Det vil bli god anledning til å stille spørsmål, snakke om trygghetssirkelen og vår rolle som foreldre.

Påmelding innen 06.05.22 til [elin-ramsland.friestad@bjerkreim.kommune.no](mailto:elin-ramsland.friestad@bjerkreim.kommune.no) tlf 404 44 920 eller [grethe.berntsen@bjerkreim.kommune.no](mailto:grethe.berntsen@bjerkreim.kommune.no) tlf 404 44 913

## KULTURMIDLER 2022

Søknadsfrist 15. mai.

Lag og organisasjoner i Bjerkreim kan søke om kulturmidler fra kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligger på hjemmesida vår: [www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no) under skjema, kultur og fritid. NB! Husk å sende med årsmelding og regnskap for 2021.

## 17. MAI FEIRINGA I KOMMUNEN

Eget infoskriv blir levert i postkassen når programmet er klart.

## Det går et festtog gjennom landet

(Grethe Myhre Skottene. Carl-Andreas Næss)



Det går et festtog gjennom landet!  
I by og dal, ved fjell og fjord  
Vi svinger flagget stolt for Norge  
Med hurra-rop i fra syd og til nord

Refreg: Hurra! Vi marsjerer og vi synger  
sanger i rødt, hvitt og blått  
Kjenner frihetens rytme i kroppen  
fylt av glede for landet vårt.

Den store dagen vil vi feire.  
Nå lyder takkens melodi  
som stiger taktfast opp fra folket.  
Fra oss som ønsker et demokrati

Refreg:

Søttende mai. Nå jubler våren!  
Nasjonen pynter seg til fest  
Gå sammen, elske fram verdier  
så alle trives. Da har vi det best.

Refreg:

Det går et festtog gjennom tiden  
der slekter har satt dype spor.  
Med sine valg gav de oss framtid.  
Se, våre røtter de spirer og gror

Refreg:

SYNGENDE KOMMUNER

KRAFTTAK  
FOR SANG

## BINGO

Bjerkreim helselag skal ha bingo i Peisestova på Misjonshuset onsdag 11 mai kl 14.00

## Nasjonalforeningen for folkehelsen



## DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.  
Kontakt Ingbjørg Vassbø. Tlf. 486 03 535

## SAMTALETREFF DEMENS

Samtaletreff på Vikeså 15. juni på  
kommunehuset 2. etg. kl 18.00.

Dette er et tilbud for pårørende til  
personer med en demenssykdom/reduert  
hukommelse. Dere er hjertelig velkomne.  
For mer info, kontakt leder Grethe Inger  
Vikeså Hegrestad, tlf. 479 06 674.

Arr: Nasjonalforeningen for folkehelse,  
Dalane Demensforening

## ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!  
Onsdag 4. mai går turen fra Åsen til Tveida.  
Oppmøte ved Esso kl 10.00 eller i Åsen.  
Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma

## BJERKREIMSQUIZEN

Siste quiz før sommaren: Onsdag 18. mai  
kl. 19.30 på Vikeså Veiservice.

Quizmaster: Bjørn Tore Birkeland

Startkontingent: kr 30,- pr.pers.

4-mannslag.

Velkommen til nye og gamle quizarar!

## FRILUFTSKVELD OG HJERTEMARSJ

Dalane Friluftsråd, Bjerkreim Helselag  
og Dalane Demensforening arrangerer  
Hjertemarsj og Friluftskveld 11. mai i  
anledning Hjerteuka.

Hjertemarsjen vil gå fra Bjerkreim  
Samfunnshus og en runde gjennom skogen  
ved Foreknuten. Det vil bli aktiviteter og  
servering tilbake ved Samfunnshuset.  
Start ved Samfunnshus kl. 17.30.

## INTERNASJONAL KVINNEGGRUPPE

Velkommen til uformelt treff på lærerrommet på Vikeså småskole, onsdag 11. mai kl. 18.30-20.30.

Det serveres kaffite og litt å spise. Hvis noen vil ta med noe enkelt til en felles buffèt kan de gjøre det.

## PREMATURSTRIKK OG MEDLEMSKVELD

10. mai kl 19.00 i Lionsrommet på Samfunnshuset. Varmt velkommen.

Arr: Bjerkreim Bygdekvinneklag

## RUSLETUR

18. mai kl 18.00. Rusletur til Kaurebu, dagsturhytta i Bjerkreim. Oppmøte/parkering hos Ruth Odland i Holmen.

Arr: Bjerkreim Bygdekvinneklag

## OVERNATTINGSTUR

Tur til Kvinen turisthytte 17.-18. juni. Vi har 10 plasser, bindende påmelding til Liv Karin tlf 91729184 Oppgi evt medlemsnummer DNT ved påmelding for medlemspris. Kr 290.- medl. eller kr 410.- ikke medlem + matpenger.

Passer for de som er vant å gå i heia og vi bruker 3 timer + pauser.

Dette blir kjekt. Vi samkjører i privatbiler fra Samfunnshuset ca kl 16.30.

Arr: Bjerkreim Bygdekvinneklag

## ØYHOPPING M/BUSS

Reiselysten? Torsdag 18. aug. starter en 3 dagers tur til en rekke øyer og mange opplevelser: Karmøy-Avaldsnes over Utsira med overnatting -Bømlo-Espevær-Bømlo.

Turen er åpen for kvinner og menn. Ta kontakt med Olaug på tlf. 957 30 476 for mer informasjon om du er interessert.

Arr. Bjerkreim Bygdekvinneklag

## FRUKTSAFARI

Lørdag 3. sep. til Helgøybakkane Fruktgard på Helgøy. Sett av dato, meir info seinare.

Arr. Bjerkreim bygdekvinneklag

## INFO OM «VÅKEN DRØM»

Til deg som har billett til Vampforestiling på Stavanger teater fredag 13. mai kl 19.30. Avreise med buss frå Bjerkreim kyrkje kl 18.15. Billettene deles ut på bussen.

Arr. Bygdekvinneklaget v/Olaug

## DANSEGALLA

Det blir Dansegalla i Bjerkreimshallen!

Lørdag 27. august 2022.

Sett av dato, mer info kommer.

Arr. Dansegalla-komiteen

## VIKESÅ MISJONSHUS MAI:

02. kl 19.00	Yngres og Korvetten
04. kl 20.00	Bønnesamvær
11. kl 14.00	Bingo Helselaget
11. kl 19.30	Samtalemøte
15. kl 11.00	G3 gudstjeneste og søndagsskule
16. kl 19.00	Sommeravslutning Yngres og Korvetten

## BJERKREIM BEDEHUS MAI:

06. kl. 16.15	Fredagstreff - tur til Lyngdal (til Sørlandsbadet og KVS Lyngdal - påmelding)
09. kl. 17.15	Yngres-avslutning (påmelding)
11. kl. 09.00	til utpå kvelden, Dugnadsgdag
15. kl. 11.00	Endelig søndag, NLM
kl. 11.20	Søndagsskule
17. kl. 19.00	17. mai-fest

## 17. MAI FEST

på Bjerkreim bedehus kl. 19.00  
Festtale av Kjersti Stendal Bjerkreim

Underhaldning/konkurranse

Varm mat, kaffi og is til slutt på festen

Inngang; under 10 år kr. 50,  
vaksne kr. 100, familie kr. 250

Velkommen!



## ÆTTESOGELAGET

Torsdag 5. mai kl 19.00, på Kommunehuset på Vikeså.

Birger Lindanger fortel om slaget i Hafrsfjord, og feiringa av Rikssamlingsjubileet som markerer at det i år er 1150 år sidan slaget der Noreg vart samla til eit rike.

Me får og høyra om bjørnen frå Bjerkreim som blei kongemiddag ved 1000 års jubileet i 1872.

Det blir og litt om, og litt av, Jørgen Skjæveland (1906-1994), som har betydd så mykje for historien til bygda me bur i. Mat og kaffi. Alle velkomne!



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER:

### Sundag 1. mai kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

### Sundag 8. mai kl. 11.00.

Misjonsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

### Sundag 15. mai kl. 11.00.

G3 gudsteneste på Vikeså Misjonshus

### Tysdag 17. mai kl. 09.30.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

### Soknepresten

### Torsdag 19. mai kl. 19.00.

Samtalegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

### Sundag 22. mai kl. 11.00.

Konfirmasjonsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

### Torsdag 26. mai, Kristi Himmelfartsdag, kl. 10.30.

Gudsteneste på Omsorgssenteret

### Sundag 29. mai kl. 11.00.

Konfirmasjonsgudsteneste i Ivesdal kyrkje

## DØYPTE:

10.04.22 Alva Grøsfjell Essers  
10.04.22 Ronja Omdal Husveg  
17.04.22 Nakor Egeland  
17.04.22 Matilde Bjerkreim  
17.04.22 Ester Llyr Vinningland

## DØDE:

06.04.22 Jonas Hegelstad

## FASTEAKSJONEN 2022

Tysdag 5. april samla konfirmantane inn pengar til Kirkens Nödhjelp sin fasteaksjon.

Det vart samla inn kr. 68.239. Takk til alle som gav, til konfirmantane og foreldra som hjelpte til.



Torsdag 5. mai  
kl 19.30 blir  
det en ny Kveik  
inspirasjonssamling!  
Sted: Biblioteket.

Tema: «Grip øyeblikket! Med kamera» og  
naturfotograf Alf Ognedal er vår gjest.  
Bli med og se hva han har i sekken når  
han skal på tur - kanskje du får deg en ny  
interesse?

## FEST PÅ SLOTTET

Laurdag 14.mai blir det duka for «Fest på Slottet» (Bjerkreim Kyrkje) for barn født 2017 kl. 10.00. til ca. 11.30.

Kle deg gjerne som riddar eller prinsesse,  
eller noko anna om du har lyst.  
Invitasjonar blir send etter kyrkjas  
register, men alle barn i aldersgruppa er  
velkomne.  
Påmelding til post@bjerkreimkyrkja.no  
innan 10. mai.

## MERKE

I Joh 20, 24ff kan du lese om Tomas og Jesus. Tomas var ikkje til stades då Jesus først viste seg for lærersveinane etter oppstandinga. Han trudde ikkje på dei andre når dei sa «Me har sett Herren!» Nei, han ville først sjå naglemerket i hendene hans og såret i sida hans. Heldigvis fekk han sjå. Og han trudde.

## ÅRETS KONFIRMANTAR:

Vi ønskjer dei eit frodig og fargerikt liv, eit liv i fellesskap og glede, eit liv i spenning, men først og fremst eit liv i Jesu namn.

BJERKREIM KIRKJE 22. MAI	IVESDAL KIRKJE 29. MAI	BJERKREIM KIRKJE 4. JUNI
TONJE AUSTDAL	EMMA FUGLESTAD	STEFFEN VATNEMO BORE
SIGRID FRIESTAD	LINEA HALVORSEN	EMMA BRATTEBØ
OLA GRAVDAL BUE	MARKUS VIKESÅ VEEN	EMILIE STRANDBERG FAGERMO
ROAR HERIKSTAD	MADS ANDREAS FREDRIKSEN	BENDIK HETLAND
MATHIS IDLAND	JULIE NYLAND MALMEI	ASBJØRN VETLE HÅGBØ
SINA LOMELAND	ELENA BERGSAKER BUE	ERLEND GRASTVEIT NILSEN
NOAH LEANDER SKEIE LØLAND	BENJAMIN GÅSLAND SJØTRØ	HANNE MARIE HALVORSEN
HENRIK TENGESDAL		HELGE ANDRÈ PIHL EIKELAND
JENS ARNE VIKESDAL		ANNEKE OSLAND
KRISTER GRUDE AAMODT		FRIDA MAGDALENA OSLAND
GABRIEL SLETTEBØ REFTIE		SUNNIVA VASSBØ SÆTH
ANNICA ASHEIM		CASPER VIKESÅ
TOBIAS HELLAND NILSEN		GURO ABIGAEL BEKKEVOLD VINNINGLAND
THOMAS HELLAND NILSEN		PREBEN RØNNING
KRISTOFFER JACOBSEN TILLUNG		JENS ARNE EFTELAND

Livet merker oss alle på ulike måtar.  
Arr etter blindtarmsoperasjon, eit kutt i fingeren, eller merket der ein ein gong slo hovudet. Vidare får me rynker, grå hår og kanskje til og med luta rygg. Og nokre gonger får me arr og merke på innsida:  
Ord som såra, anger som gneg eller sorg som varar. Alt er ulike døme på korleis livet merkar oss.

Det er av og til mogleg å kjennen igjen menneske på merka dei bere med seg. Ikkje minst når me kjennen historia, kvifor det er sånn som det er. Og slik er det med oss og Gud også. Hendene til Jesus tok i mot dei små borna. Stemmen hans vekte opp sonen til enka i Nain. Og som Jesus knepte hendene og ba for heile verda! Naglemerka hender. Tornekrona. Sår i sida. Jesus er merka av oss alle! Uansett om me sit trygt heime i stova, eller er på flukt frå krig, svolt eller tørst, så bærer han han oss. Han er merka av oss.

I mitt liv har eg hatt behov for å vere nær Jesu hjarta og hans omsorg. Det er der eg lett kjennen igjen Jesus, og merker at han verkeleg er her. Tomas trengte å sjå naglemerka og såret i sida hans. Jesus ser bekrefteande på Tomas, ja på meg og på oss alle, og seier venleg: «Fordi du har sett meg, trur du.» Og så føyer han til: «Sæle dei som ikkje ser, og endå trur.»

Soknepresten

## HJORTEJAKT 2022

Viltforvaltningen i Bjerkreim kommune har startet planlegginga av årets hjortejakt for en tid siden.

Forvaltningen har bestemt seg for redusere minstearealet for hjort til 1.500 daa. Planen om å redusere minstearealet ble sendt på høring til Fylkeskommunen, nabokommuner, storvalda i kommunen, Bjerkreim bondelag og BJFF. Det kom inn 2 høringsuttalelser innen fristen.

Uttalelsen fra et av storvalda anbefalte et minsteareal på 1.500 daa, mens Rogaland Fylkeskommune anbefalte et minsteareal på 2.000 daa, da dette stemte mer med areala i nabokommunene. Etter høringen startet også Eigersund kommune prosessen med å redusere minstearealet. Etter som vi ble klar over hva Eigersund ville legge seg på, bestemte Bjerkreim kommune å sette ned minstearealet til 1.500 daa/hjort.

Dette arealet vil i utgangspunktet gjelde for hele kommunen, men en vil bruke 50%-regelen oppover der det er lite dyr.

Det er nok mye som tyder på at det blir siste år jeg tildeler fellingsløyver i Bjerkreim. Jeg håper alle skjerper seg litt ekstra, og leverer fellingsresultatene etter endt jakt. Det er faktisk enda noen som ikke har levert inn resultatet fra fjorårets jakt, og egentlig skulle disse ikke fått nye løyver for 2022.

Dersom noen vald fortsatt mener de skulle hatt flere løyver, er det nødvendig å organisere seg i større vald. Fleksibiliteten øker da betraktelig, og en kan ta ut skadedyra på en bedre måte.

Jakttakket i 2021 var 82 ho-dyr og 90 hanndyr fordelt slik: 27 hannkalver, 24 ho-kalver, 33 spissbukker, 35 kviger, 30 eldre bukker og 23 eldre hind. Dette viser at det blir tatt ut mer ho-dyr enn tidligere år, men allikevel ønsker forvaltningen å øke uttaket av voksne hind og kalv i de områdene som har stort skadeomfang.

## PLANTING/SKOGKULTUR

Plantesesongen er nok godt i gang når dette leses. Vedmarkedet har vel ikke vært mer «opphevet» enn nå i vinter. Forhåpentligvis er det flere som har tatt motorsaga med til skogs. Det er store areal med vedskog i Bjerkreim, og når denne hogges, har vi en gylden anledning til å sette i gang en foredlet produksjon av gran. Vi hadde for en del år siden en aksjon med planting av klimaskog. Dette var skog som ble plantet for å binde CO<sub>2</sub> i atmosfæren. 1m<sup>3</sup> binder ca. 1.5 tonn CO<sub>2</sub>. Normal produksjon i en granskog i Bjerkreim er mellom 1-2.5 m<sup>3</sup> pr.daa/år. Dette vil igjen si at 1 daa med veksterlig granskog i Bjerkreim årlig binder fra 1.5 - 3.75 tonn CO<sub>2</sub>.

Regner vi med en CO<sub>2</sub>- avgift på kr 2.000/tonn, vil verdien av årlig binding ligge på mellom kr 3.000 og 7.500 pr.daa/år. Den dagen skogeier får betalt for denne bindingen, blir en stor dag for skogeierne.

I dag er utenlandske investorer på jakt etter egnet plantemark, og et firma i Hjelmeland har tatt kontakt. Firmaet ønsker å få kontakt med grunneiere som vil plante skog på nye arealer. Alt etter hvor god marka er, er de villige til å betale grunneier inntil kr 4.000/daa. Da blir det skrevet kontrakt om hvor lenge skogen skal stå, før skogeier kan hogge denne. Firmaet kjøper CO<sub>2</sub>-bindingen denne skogen binder i for eksempel de neste 70 år. Firmaet har stor tro på dette prosjektet, og har allerede kontrahert 15 mill. planter til utplanting i de 2-3 nærmeste åra.

Jeg er fortsatt litt tvilende til om jeg ville gått inn i denne ordeningen, da jeg på sikt kanskje har et håp om et eget klimaregnskap på hver gård. Da kan det være bra å ha en egen skog som binder CO<sub>2</sub>.

Fortsatt gode tilskudd å hente for ungskogpleie/planting. Gi beskjed om dere har behov!

## SMIL-MIDLAR TIL FJERNING AV PIGGTRÅD

Bjerkreim kommune viderefører aksjonen frå i fjor i fylket om å stimulera til fjerning av piggtråd. Ein kan få tilskot til å fjerna piggtråd på eksisterande gjerde, fjerna gammal piggtråd som ligg på bakken og/ eller på gjerde som ikkje er i bruk. Det er krav om at topptråden/ståande piggtråd må erstattast med piggfrie alternativ.

Det er stipulert eit tilskot på 10 - 12 kr pr meter med piggtråd som vert fjerna, og erstatta med anna type topptråd/gjerde. Fjerning av gammal piggtråd til 300 kr/time. I fjor mottok vi og gav tilskot til 5 søknader med ei samla gjerdestrekning på ca. 12 km.

Husk at du må søkja kommunen om tilskot FØR arbeidet vert sett i gang. Dette må gjerast elektronisk gjennom Altinn. Link til søknadsskjema finn du på nettsida til kommunen: <https://www.bjerkreim.kommune.no/tjenester/naring-landbruk-og-miljo/landbruk/sokje-om-tilskot/smil-spesielle-miljotiltaki-landbruket/>

Det må merkast av på kart med antal meter der du skal fjerna piggtråden. Send gjerne med foto, spesielt der gammal piggtråd ligg. Det må setjast opp eit kostnadsoverslag for prosjektet. Utgiftene må

dokumenterast når prosjektet er fullført, og de må visa kvittering for levert piggtråd til miljøstasjon.

## INFORMASJON



kaffe bestiller du her:

**HÅDBRENT.NO**  
leveres på din dør i Bjerkreim



### PITTERGARDEN VIKESÅ

415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med sær preg:

Årmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. [www.arkaarreberg.no](http://www.arkaarreberg.no). Tlf 481 81 804



# INFORMASJON

## Gitar og Handverk DA

*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,  
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450  
[www.gitaroghandverk.no](http://www.gitaroghandverk.no)



ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775 / 4000 3150  
[solberg@advokat1.com](mailto:solberg@advokat1.com), [www.advokat1.com](http://www.advokat1.com)

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT.NO  
FOTOSTUDIO RAMMEVERKSTED  
**Han med hatten**  
FOTOGRAF KAI TORE VIK  
POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955  
DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDDALEN 95

Bjerkreim  
legekontor  
51 20 43 30

[www.bjerkreimlegekontor.no](http://www.bjerkreimlegekontor.no)

Vask hendene  
og ta vare  
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL  
KLINIKKEN  
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ  
VEISERVICE AS

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekart m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså**  
Spesialistkompetanse på tannsykdommer  
hund og katt  
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr  
Kastrering og sterilisering  
Kirurgi  
Digital røntgen  
ID-merking  
Vaksinering  
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor

Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65